

Årsmelding Bømlo Tur- og Sogelag for året 2019

Til årsmøtet 9. mars 2020

Styret

Styret i Bømlo Tur- og Sogelag har i 2019 vore slik samansett:

Leiar: Bernt Emil Vika
Nestleiar: Nils Peder Holme
Kasserar: Ester Karin Barane Våge
Skrivar: Lars Inge Vestvik
Styremedlem: Ivar Barane
Styremedlem: Arvid Samdal
Vara: Signe Lønning
Vara: Gerda Larsen

Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2019 vart halde 28.02.2019 på bygdatunet.

Styremøte

I året 2019 vart det halde 12 ordinære styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag. Møte med stinemnda vart gjennomført den 04.02.2019 og 20.05.2019, møte med restaureringsnemnda 21.03.2019 og arrangementsnemnda 08.04.2019.

Vedlikehald

Bergehuset: I året 2019 har det vore utført ein del elektrikararbeid på Bergehuset; nyordning for belysning på utstillinga oppe og nye varmeomnar i stovene. Ein brukt, men god komfyr vart erstatta med den gamle. Flaggstanga er blitt overhaldt. Før jul 2019 vart det montert varmpumpe i stova mot aust. Vakumtoalettet var ei stund i ustand, men vart etter kvart reparert.

Saga: I 2019 har det vore utført mykje arbeid på saga ved Vorlandsvågen. Ein stor dugnadsgjeng har arbeidd der store deler av året. Etter at sjølv huset vart reparert i 2018, har ein i 2019 konsentrert seg om slåket og drivverket for sagbladet. Den 2. desember 2019 kunne saga prøvast for første gang. Eirik Ådnanes og Oskar Ersland frå Åreid sag var då med. Saga skar godt, og ei furustamme vart kløyvd. Dugnadsgjengen sa seg svært nøgd med prøvekøringa. Eit infoskilt er sett opp på saga. Det vil i løpet av våren / sommaren 2020 bli ein markering for opning av saga. Saga vil då bli brukt slik som i 1960. Program for arrangementet kjem seinare.

Frå Barnas Turlag fekk sogelaget overta ein gapahuk som dei hadde kjøpt frå Åreid Sag. Denne er sett opp i nærleiken av saga. Ei flytebyggje er montert ved saga. Dette for å gjera tilgangen lettare for båtfolk. Bømlo Maskin A/S v/Lars Lønning har utan vederlag hjelpt til med å montera byggja med flåten sin.

Det har vore søkt om løyve frå Bømlo kommune og Kystverket til å byggja gapahuken og montera flytebyggja. Søknadane har vore positive frå begge instansane.

Karinestova: Karinestova har lenge hatt eit svært rote golv. I mai månad vart det gamle golvet rive ut, og nytt bjelkelag og nye golvbord lagde. Yngve Eilertsen utførte arbeidet. Ein lekkasje i taket vart òg reparert av han.

Den 01.08.2020 var det besøk i Karinestova av tre amerikanarar. Forfedrane deira kom derifrå. I samband med besøket hadde me pynta huset med to norske og eitt amerikansk flagg.

Annbjørg Sætre har laga fine sengkledde til vogga som står i Karinestova.

Ådnahytta: Ein del malararbeid har vore utført på hytta og benken utanfor.

Arrangement

Tradisjonen tru vart skjærtorsdag på Berge arrangert også i år. Sal av pølser i brød, vaflar og kaffi. Gratis saft. Utlodding. Etter som vêret var fin, var det rekordstort fram møte under arrangementet. Omlag 200 personar deltok. Nytt av året var ein del aktiviteter for barn. Innkjøp av leikeapparat vart støtta av Bømlo kommune.

Den 25. mai vart det arrangert tur til omnmuseet på Huglo for vedlikehaldsfolka på Bergehuset.

Den 03.08.2019 vart eit slektstreff arrangert i bygda her. Deltakarane ynskte å vitja Bergehuset og Fridtun. Bernt Emil Vika fortalde om husa.

Den 24.08.2019 vart Bergehuset leigd ut til ei gebursdagsfeiring. Bernt Emil Vika fortalde om huset og garden Berge.

På kystsogedagen 31.08.2019 var sogelaget representert med stand. Her selde me Leidarsteidn.

Haustfesten 19.10.2019 kalla me "Sjømataften". Omlag 50 personar deltok. Geir Ersland underheldt med opplesing og visesong. Det vart servert krabbe, reker, varmrøykt laks og røykelaks med tilbehør. Til kaffien vart servert kringle. Jostein Sørtveit spelte til dans.

Den 13.12.2019 vart det arrangert Lucia-arrangement i Bergehuset saman med Barnas Turlag. Her vart det servert "lussekattar" og graut. Nissen kom innom. Bernt Emil Vika fortalde om jul i gamle dagar. Omlag 100 barn og vaksne deltok.

Turstiane

Nokre av turstiane til Bømlo Tur- og Sogelag treng oppgradering med skilt og infotavler. Den første stien turstigruppa starta oppgraderinga med var Eide - Roaldsfjorden - Sætre - Løvegøpet. Skilt og infotavler vart bestilte hos Marine Profile. Nokre skilt er komne opp, men stien er ikkje heilt ferdig.

I samarbeid med Bømlo Turlag har turstigruppa plotta stiane våre med GPS. Denne informasjonen vart lagd inn på Norgeskart sine sider på internett.

Leidarsteidn

Årsheftet Leidarsteidn var klar for sal på julemesssa 15.11.2019. Haugesund Bok og Offset stod for trykkinga. Heftet vart lagt ut for sal på Spar Bømlo, Bømlo Bil, Joker Espevær og Vikse Libris på på HSD-senteret. Salet av Leidarsteidn gjekk svært bra, med om lag 600 selde eksemplar.

Gåver

Ein del reiskapar etter Emil Hope ved Stine Strand Hope. Plassert på Bergehuset.

Ein del reiskapar, ein symaskin og gamle taljer ved Else Marie Totland.

Ein del bøker etter Kjell Lønning ved Herdis Lønning.

Ein del gjenstandar etter Norvald Nyteveit, m.a. ei vekt og ein slipestein.

Pengegåver:

Tilskot på kr 14.000 til saga frå Finnås Kraftlag.

Frå Bømlo kommune, kr 10.000 frå den kulturelle spaserstokken.

Frå Bømlo kommune, kr 2.000. Gjeld aktivitetsmidlar.

Pengegåve, kr 12.780,-, etter overskot frå slektstreff etter Arnt og Marie Hovland ved Sissel Dagsland og Stine Strand Hope.

Støtte frå Kulturminnefondet kr 45.000 -.

Frå Napier A/S kr 5.000.

Frå M/S "Trygvason" kr 5.000.

Frå Stiftelsen Espevær Gjensidige kr 25.000 til kvernhuset i Vorlandsskogen.

Frå Haugesund Sparebank kr 30.000 til elektrikararbeid på Bergehuset.

Frå Hordaland fylkeskommune, kr 30.000 til oppgradering av kyrkjestien.

Representasjon

Torhild Neset Vika var delegat til årsmøtet i Hordaland Sogelag i Etne 2. og 3. mars 2019.

Bernt Emil Vika deltok på kurs om digital lagring av bilete i regi av Hordaland sogelag i Bergen 02.02.2019.

Bernt Emil Vika deltok på kurs om minneinnsamling 28.02.2019 i regi av Hordaland sogelag i Bergen.

Bømlo, 14.02.2020

Bernt Emil Vika

Leiar Bømlo Tur- og Sogelag